Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Jiletre og jülehalm

Oppskr. av: Andr. Oma

(adresse): Omastrand

Fylke: Hordaland

Herad: Strandebarm

Bygdelag: Omastrand

Gard: Oma

G.nr. 38 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til 1. Ja. no er det heilt vanleg.

" 2. Ei 82 år gamal kona har fortalt at dei hadde fyrste jöletreet i kring 1880. Sjölv hugsar eg det ikkje.

" 3. Nei. Jületre på festar i skulestova og kyrkja kom mykje seinare.

" 4. Har ikkje sett eller höyrt gjete noko slikt her.

" 5. Nei.

" 6. Storleiken av jületreet er svært ymis – etter som stova er: Stundom eit lite på eit bord, men ogso eit par m. högt og vel so det ogso i store hus.

" 7. a. I den fyrste tid hengde ein eple, kringler, og små „papir-korgar" laga av ymsefarga glans-papir. No er det berre kjöpt julestas og glitter.

b. Ljos var det vanskeleg med i den fyrste tid, vanlege heimlaga – stöypte – talgljos var for tunge på dei granne greinene.

No er det vanleg med små fleirfarga jüleljos i hovelege klypestakar. Aller nyaste ofte elektr. ljos-pærer – 16–24 i rekkja.

4072

2 Framhald av 7 b.

· Desse elektr. ljosperene er ikkje so førlege – kan ikkje kveikja eld i greinene.

Til 8. Det er som regel vaksne – eller dei største borni som pyntar treet.

" 9. Eit lite tre får oftast plass på bord. Store tre må stå på golvet – i ein trekoss – "juletrekrossen" – helst i ei krå i stova – for rundt si skuld.

" 10. Ja, ein kveikjer ljosi julafta – og gjerne fleire gonger i sjølve jóli – og nyttårsafta og so. Elles og so, når t.d. har born til gjester i helgi. –

" 11. Ja. ein flytter då treet frå på golvet, held kvarandre i hendene, slær ring, og går rundt treet og syng t.d. "Du gröne glitrande tre, goddag, velkomen du o.s.b., eller "Eg er so glad kvar julekveld". "Eit barn er fødd i Betlehem" – m. m. fl.

" 12. Det er ymist det, som regel til trettande dag, 6. januar.

" 13. I det fyrste – den tid dei hengde eple, kringla, "julemannar" og "fuglar" (laga av bakaren) på treet, fekk borni hausla juletreet (ikkje plyndra det) den dagen treet vart utbore.

" 14. Det er fura som har vore, og for det meste enno, er nytta til juletre. Gran var kvikkje her i bygdi kring 1880-90 åri. I dei seinare år er det ofte grantre som er nytta, henta frå ymse plantefelt, som det no er fl. av.

4072

Til 15. Har aldri sett eller höyrt om at folk her har „laga juletre" slik som nemnt under dette spörsmål. Kan difor ikkje svara på korleis dei „lagar juletre".

" 16. Har aldri höyrt om noko slikt.
Julebandet – eit kornband – sette ein helst på toppen av ei stang – eller höy stauv, eller hengde det opp i eit tre som stod i nærleiken av huset. Borni – og folket elles – må få höve til å sjå fuglane i kornbandet frå vindauga.

E. s.
Nå er det juletre mest i kvar heim. Juletre i kyrkja, og fest med juletre kvart år for skuleborni. Likeins juletrefestar i dei ymse lag og samskipnader, og det samlar som regel fullt hus, om mötehuset er nokso stort.

## Om julehalm.

Til 1. Når det er utkjent her, har aldri höyrt om halm utover golvet, korkje julaftan eller andre tider.
Men det vanleg at ein henta eine (brake) heim, hakka den små og ströydde den so ut over stovegolvet julafta, ja ogso dei andre högtidsaftnar.–

4072
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Oma 10/3 –50.
Sjurd. Oma

4

E. s.

Har seinare høyrt av ei 87 år gamal kona at bestemor hennar hadde fortalt at dei då hadde havt halm på golvet, og den skulde dei ligga i jolenatti. Korn skuldi dei hava under bordet, – då skulde det verta godt år.

D. s.

4072
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING